



Kunnskapsdepartementet

Dykkar ref  
15/4736

Vår ref  
2015/11427-INGNIL

Dato  
15.01.2016

## Høyringsvar frå Universitetet i Bergen - Forskrift om tildeling av utdanningsstøtte

Vi viser til brev frå Kunnskapsdepartementet, datert 16.10.15, der universitetet blir invitert til å komme med innspel til høyringa. UiB takkar for høvet til å gi innspel, og har følgjande kommentarar til høyringa:

Universitetet i Bergen synest det er positivt at det i forslaget blir lagt til rette for betre støtteordningar til språkopplæring i ikkje-engelskspråklege land utanfor Skandinavia. Vi er også einige i at det vil vere eit viktig bidrag for å auke studentmobiliteten til desse landa. Vidare verkar dei føreslegne justeringane i regelverket i høve stipend til førebuaende språkkurs (språkstipend) fornuftige og gode.

Venleg helsing

Dag Rune Olsen  
Rektor

Kjell Bernstrøm  
universitetsdirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen handskrivne signaturar.*